



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
29/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	15.03.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-V18	18/105

FRAMLEGG TIL NY STRATEGI FOR TILDELING AV TILSKOT TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET (NMSK), VAKSDAL, 2022 - 2026

Vedlegg:

Framlegg til NMSK-strategi 2022-2026, Vaksdal kommune

Uttale til framlegg til NMSK-strategi i Vaksdal kommune 2022-2026

NMSK 2022-2026 Vaksdal kommune TMH

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Vaksdal kommune vedtek lokal NMSK-strategi for 2022-2026, med retningsliner for tildeling av tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, slik den ligg føre fra Kommunedirektøren.

Vedtaket har heimel i «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket» § 3 første og andre ledd, jf. § 1.

Strategien vert gjort gjeldande etter godkjend vedtak.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 29/2022

FPØ - Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

FPØ - Tiltråding/Vedtak:

Formannskapet i Vaksdal kommune vedtek lokal NMSK-strategi for 2022-2026, med retningsliner for tildeling av tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, slik den ligg føre fra Kommunedirektøren.

Vedtaket har heimel i «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket» § 3 første og andre ledd, jf. § 1.

Strategien vert gjort gjeldande etter godkjend vedtak.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Tilskotsmidlar til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK), er oppretta gjennom ei statleg tilskotsordering for å fremje verdiskaping ut frå regionale og lokale prioriteringar, samstundes som miljøverdiar i skogen vert tekne vare på og utvikla.

Skogeigarar er målgruppa for tilskotsordninga, og kan få tilskot etter søknad.

«Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket» set rammer for bruk av tilskotsmidlane. Vedtak om tildeling av tilskot, vert fatta av kommunen.

I følgje forskrifa § 3, skal kommunen utarbeide overordna retningsliner for handsaming og prioritering av søknadar.

Framlegget til strategi for perioden 2022 – 2026, skal erstatte strategien for perioden 2018 – 2021.

Framlegget skildrar historikken, statusen, utfordringane og måla for skogbruket i kommunen.

Tiltak knytt til skogkultur og infrastruktur er prioritert. Framlegget til tilskotssatsar til ulike tiltak, er dei same som i førre strategi. «Markberedning» er teke inn som nytt tiltak, og kommunen sin rolle som tilretteleggjar for aktivitet er vektlagt.

Kommunedirektøren legg strategi fram for formannskapet til godkjenning.

Bakgrunn for saka

Tilskotsordninga for nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK), er ei statleg ordning som skal stimulere til lokale tiltak og verdiskaping i skogbruket, samstundes som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne blir tekne vare på og utvikla. Tilskot kan gjevast til skogeigarar etter søknad.

«Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket» dannar grunnlag for bruk av midlar. Det kan gjevast tilskot til planting, ungskogpleie, skogsvegar og miljøtiltak, og ordninga kan kombinerast med andre verkemiddel, t.d skogfond. Kommunen forvaltar ordninga og fattar vedtak om tildeling.

I følgje NMSK- forskrifa § 3, skal kommunen fastsetje lokale, overordna retningsliner for tildeling av tilskot.

Vaksdal kommune har hatt eigen strategi for perioden 2018 - 2021, vedteke av kommunestyret.

Kommunedirektøren har no laga framlegg til ny strategi, med retningsliner, for perioden 2022 - 2026.

Strategien skal byggje på situasjonen i kommunen, med utfordringar, problemstillingar og målformuleringar. Tilskotssatsane for dei ulike tiltaka skal fastsetjast av kommunen

Statsforvaltaren og lokale faglag, ved Vaksdal/Modalen skogeigarlag og Eksingedalen/Vaksdal skal involverast i arbeidet, og har fått strategien til uttale i tråd med § 3 i NMSK-forskrifta.

Vedteken strategi skal vere styrande for kommune sin bruk av tilskotsmidlar.

Formelt grunnlag

- «Lov om skogbruk (skogbrukslova)»
- «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket».

Vurdering og konsekvensar

Skogbruket er ei generasjonsovergripande næring. Det er difor viktig at skogeigarane har stabile rammer og verkemidlar å drive etter i alle fasar, frå planting og ungskogpleie til hogst og omsetjing av tømmer. I dette høvet er føremålet at NMSK- strategien stimulerer til lokal aktivitet og langsiktig tenking kring skogbruket i kommunen, i kombinasjon med annan verkemiddelbruk.

Framleggget til strategi tek utgangspunkt i situasjonen i kommunen, med utfordringar, problemstillingar og målformuleringar. Her vert kommunen si rolle for å informere om NMSK-ordninga og tilretteleggje for aktivitet, vektlagt.

Engasjementet knytt til skogbruket dei siste åra har vore avgrensa. Det klare målet er difor at strategien og verkemiddelbruken medverkar til å auke interessa hos skogeigarane for å byggje opp - og gjere nytte av - dei verdiane næringa representerer.

Av praktiske gjeremål legg strategien spesiell vekt på skogkulturtiltak som fremjar produksjon av kvalitetsvirke, saman med god infrastruktur for rasjonell og lønsam drift. Dette er også forhold som Statsforvaltaren kommenterte spesielt i sin uttale. Det vart også gjort presiseringar knytt til kommunen sitt ansvar for NMSK-ordninga (mynde og rolle). Innspela frå Statsforvaltaren er tekne til følgje. Uttalen ligg som vedlegg til saksutgreiinga.

I tillegg til produksjonsretta tiltak, peikar strategien på miljøtiltak som tek omsyn til natur, miljø og kulturverdiane i skogbruket, saman med klimaperspektivet skogen representerer

Framlegga til tilskotssatsar er dei same som vart nytta i førre strategi.

Heile strategien går fram av vedlegg.